

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 Oslo

FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET
22.11.2006
SAKSNR.
ARKIV



Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200601874- /SJO	21.08.2006	MR 21239/2006/U40/&13	Eirin Roaldsen ,71 25 81 66	16.11.2006

Høring - Strukturvirkemidler i fiskeflåten

Vi viser til Dykkar brev av 21. august med oversending av høring av NOU 2006:16 Strukturvirkemidler i fiskeflåten, samt til vårt brev av 4. oktober med oversending av Nærings- og Miljøutvalet sitt vedtak om høyringsuttale i saka.

Saka blei handsama i Fylkesutvalet 30. oktober. Under følgjer Fylkesutvalet sitt vedtak om uttale til NOU 2006:16 Strukturvirkemidler i fiskeflåten:

"


1. Møre og Romsdal fylke meiner hovudfokuset i norsk fiskerinæring må vere marknad, lønsemnd og auka verdiskaping frå dei tilgjengelege ressursane. Lønsemnd må ligge til grunn for all næringsverksemnd, også i fiskeflåten. Berre ved at flåten har god lønsemnd vil den kunne gje trygge og gode arbeidsplassar, og sikre rekruttering, og berre slik vil vi kunne maksimere fiskeflåten sitt bidrag til samfunnet elles.
2. Møre og Romsdal fylke meiner næringa må ha stabile, langsiktige og konkurransedyktige rammevilkår. Vidare må vi syte for at den politisk risikoen er så låg som mogleg. I denne samanhengen er stabilitet i kvotefordelinga viktig. Uro kring dette viktige rammevilkåret er etter vår oppfatning særst uheldig. Møre og Romsdal fylke vil derfor sterkt åtvare mot forslaget frå utvalet si gruppe 1 om omfordeling av kvoter mellom flåtegrupper. Møre og Romsdal fylke er prinsipielt imot regionalisering av kvoterettar i fiskeria, og går derfor klart mot dette forslaget frå utvalet si gruppe 1.
3. Møre og Romsdal fylke meiner ein må fortsette med strukturordningar. Møre og Romsdal fylke meiner det er overkapasitet også i den lengdemessig mindre flåten, samt at også desse fartøyeigarane bør ha tilbod om å tilpasse seg med større kvoter, og legg til grunn at ein no innfører strukturkvoteordningar også for flåten ned til 10 meter. Med omsyn til lengdegruppeinndelinga i kystflåten finn Møre og Romsdal fylke at det ut frå eit mål om struktureringseffekt kan vere føremålstenleg at ein beheld gruppene slik dei er.
4. Møre og Romsdal fylke går inn for at strukturordningane skal vere tidsavgrensa.
5. Møre og Romsdal fylke sluttar seg og til innstillinga frå gruppe 3 om at det ved tidsavgrensa kvoter, er prinsipielt riktig å innføre ei ressursrenteavgift. Det må utgreiast modellar for dette som tek føre seg det totale avgiftsnivået for flåten og konkurransesituasjonen elles. Møre og Romsdal fylke legg til grunn at innføring av ressursrenteavgift berre kan skje på grunnlag av ei netto avkastning ut over normalt.
6. Møre og Romsdal fylke meiner ein må vere merksam på konsentreringa av fartøyeiningar på få hender så vel som geografisk. Møre og Romsdal fylke meiner ein må utarbeide klare reglar som set grenser for fangstrettar einskildaktørar kan ha, og går inn for utvalet sitt forslag om 10% av

gruppekvota i dei reguleringsgruppene der det ikkje allereie er fastsett strengare krav. Ein viser her til deltakarlova.

7. Møre og Romsdal fylke støtter utvalet sitt forslag om å fjerne dagens driftsordning.
8. Møre og Romsdal fylke støtter forslaget om å etablere reglar som sikrar større samsvar mellom faktisk lengde og heimslengde. Dette må likevel ikkje skje på ein slik måte at dei som har spekulert i større fartøy får kvotemessig utteljing."

Med helsing


Joralf Flataukan
regional- og
næringsdirektør


Eirin Roaldsen
rådgivar